

Årdal Båtforening - Beredskapsplan



Årdal Båtforening – Beredskapsplan

Alle båtforeningar er pålagt å ha ein beredskaps -/avfallsplan i høve gjeldane regelverk ref. ureingsforskrifta kap 20. Føremålet er å verna om det ytre miljø. Årdal båtforening skal difor ha ei tilfredsstillande mottaksordning for avfall.

Planen skal sikre at medlemmane og besøkande er kjent med korleis ein opptrer i ein akuttsituasjon og korleis ein skal handtera avfall på ein god nok måte.

Det er til ein kvar tid det sittande styret i Årdal båtforening er ansvarlege for revidering og oppdatering av planen. Leiaren skal sikre at dette vert utført.

Båthamn

Det er 85 båtplassar i hamna og i tillegg er det oppstillingsplass for 85 båtar på land.

Båtforeningen har utplassert ein Miljøstasjon ved foreningshuset der ein kan levera glas og generelt båtavfall. Alt skal sorterast. Farleg avfall skal takast med og leverast på kommunalt mottak, Geithus forbrenningsanlegg/Sunde Resirk

Det er sett ut absorpsjonmiddel til bruk ved oljesøl, alle avvik skal registrerast. Avvik skal meldast til leiar.

Beredskap

Brann

Varsle andre som er i fare

Prøv å slukke brannen, utplassert sløkkeutstyr avmerka på kart

Avgrens brannen/prøv å stoppe spreining/frigjer båtar, få nærliggande båtar ut i ope vatn for å hindre spreining av brannen

Ring brann 110

Ved ureining/oljesøl

På land:

Avgrens omfanget av søl

Bruk utplassert bark/asol behaldar avmerka på kart

På sjø:

Ha tilgjengelig absorberande matter eller pølse som kan nyttast, steng av lensepumpe om utsleppet skyldast innvendig tank.

Ved større hendingar ring Brann 110, Politi 02800/112

Ved fare for liv og helse kontakt ambulanse 113

Avfall

Båtavfall

Båtavfall/hushaldningsavfall/restavfall skal kastast i utplassert container. Denne vert tømt jamleg. Er denne full skal ikkje avfallet plasserast rundt denne. Ta avfallet med heim.

Glas, flasker, papp og plast skal leverast i utplassert container.

Handtering av farleg avfall

Spillolje skal kastast i kommunalt mottak

Batteri skal kastast i kommunalt mottak

Filter for olje og drivstoff skal kastast i kommunalt mottak

Brukt eller kassert el utstyr skal kastast i kommunalt mottak

Brennbart avfall skal kastast i kommunalt mottak

Anna farleg avfall skal kastast i kommunalt mottak

Maling, løysemiddel og bunnstoff skal kastast i kommunalt mottak.

Turre, tomme behaldarar og kostar kan kastast i restavfallscontainer.

Båtpuss, slipestøv skal samlast opp og kastast i kommunalt mottak

Naudtelefon ved brann og ulukker

Brann 110

Politi 112

Ambulanse 113